



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2021.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
57



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Anne Gry Eilertsen
Visepres: Idar Flø
Styremedlem: Ove Midtflø
Sekretær: Vegard Gjerde
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Oskar Grimstad
Ansv.red.: Hans Gisle Holstad
Referent: Øystein Alme

Så rart!

Så rart å være flaggermus
Og flakse rundt fra hus til hus
Og gå til sengs i trærne,
Men er det noen som forstår
Hvordan den kan få sove når
Den henger etter tærne?

Så rart å være edderkopp
Med nøste i sin egn kropp
og spinne alle dage
Men hvordan kan den gjemme på
Så mange kilometer tråd
I slik en liten mage?

Inger Hagerup

Referat frå Rotarymøte 1. november 2021.

Program: Foredrag, Leif Arne Grimstad

Presidenten ønskte vel møtt til møte og særleg kveldens foredragshaldar LAG. Songen for kvelden vart «Tytebæret oppå tua» av A.O. Vinje.

Presidenten kom med denne informasjonen:

Leif Arne Grimstad vil halde foredrag.

Røyrafest neste måndag.

Det er høve til å halde ein «3-min»



LAG heldt så foredrag for oss med tema frå bøkene han har skrive etter å ha fortalt oss litt om oppveksten, ungdomsåra og karrjera si. Ei underhaldande og triveleg ykt. Det er dårleg økonomi å gi ut bøker via forlag, men kjekt kunne LAG fortelje.

Etter foredraget fekk klubbmedlemmane høve til å stille spørsmål.

Presidenten takka så LAG for foredraget og ønskte alle vel heim.

Referat frå Rotarymøte 8. november 2021.

Program: Røyrafest

Presidenten ønskte alle vel møtt til den årlege Røyrafesten i klubblokala våre.

Frammøte vart godt då oss på denne festen har høve til å ta med ektefelle/ samboar.

I klubblokala hadde Fest-og Kameratskapkomiteen stelt i stand til ein triveleg kveld med fint pynta bord, og etter song for maten, «Gud signe maten på vårt bord», vart oss servert både stor og fin røyr med tilbehøyr frå Snipsøyrvatnet.

Harald Teigene og Jørn Gjerde hadde stått for garnbruken og stell av fisk.



Etter ei triveleg ykt med god mat og godt prat avslutta presidenten festen og takka Fest og Kameratskapkomiteen for godt utført arbeid og ønskte alle vel heim.

Referat frå Rotarymøte 15. november 2021.

Program: Ego-føredrag, Arve Hestholm

Presidenten ønske vel møtt til møte.

Songen for kvelden vart «De nære ting» av Arne Paasche Aasen.

Presidenten kom med denne informasjonen:

- Det er høve til å halde ein «3-min»



Arve Hestholm heldt så ego-føredraget sitt der han fortalde oss om oppveksten, ungdomsåra og familia si.

AH gjekk av med sjømannspensjon i 2015, 60 år gamal.

Klubbmedlemmane fekk høve til å stille spørsmål, og AH kom med fleire gode historier før han avslutta.

Presidenten takka så AH for føredraget og ønskte alle vel heim.

Referat frå Rotarymøte 22. november 2021.

Program: Føredrag, Knut Arne Høyvik

Presidenten ønskte vel møtt til møte.

Songen for kvelden vart «Dei vil alltid klaga og kyta» av Ivar Aasen.

Presidenten stilt spørsmål om nokon hadde noko på hjartet, det var det ikkje.

KAH heldt så føredrag for oss med tema: Storsildfisket 1950-61

Silda vart oppfiska, men det vart ikkje krise grunna evne til omstilling til anna aktivitet, først skipsindustrien då dei hadde mykje maritim erfaring som dei kunne nytte der.

Seinare ei omstilling til oljeindustien.

KAH framheva viktigheita for oss som Sunnmøringar (noko oss er kjende for) å kunne takle stadig nye omstillingar.

KAH las og opp nokre dikt frå dagsaktuelle tema han har skrive.

Klubbmedlemmane fekk høve til å stille spørsmål, og KAH kom med fleire gode historier før han avslutta.

Presidenten takka så KAH for føredraget, overrekte ei «merksemd» og ønskte ynskta alle vel heim.



Referat frå Rotarymøte 29. november 2021.

Programfritt

Presidenten ønske vel møtt til det siste møtet denne månaden, som tradisjonen tru er programfritt og sett av til ein god prat med kaffi og kaker.

Songen for kvelden vart «Mellom bakkar og berg» av Ivar Aasen.

Før praten slapp laus informerte Karin Svendsen H. både om status på arbeidet som klubben vår saman med andre har fått utført (nytt kjøken) og oppstart av oppgradering bad/ sanitæranlegg på barneheimen i Peru.

Presidenten takka Karin Svendsen H. for informasjonen og slapp praten laus.

Møtet vart avslutta av presidenten, som ønske alle vel heim.